

# Hå kommune si eigarskapsmelding

Gjeld for valperioden 2023 – 2027

Vedtatt av Hå kommunestyre 19. juni 2025

## Innhold

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Godt eigarskap og god eigarstyring</b> .....	<b>4</b>
2.1 Organisering av tenesteproduksjon.....	4
2.2 Kommunale selskap og andre selskapsformer.....	5
2.3 Forvalte eigarinteresser i selskap - god eigarstyring .....	6
2.4 Ulike organisasjonsformer for kommunal verksemd .....	7
2.5 Roller og ansvar i eigarskapsforvaltinga .....	9
2.6 Formelle og uformelle eigarmøter.....	11
2.7 Selskapsavtale/vedtekter og eigarstrategi .....	11
2.8 Samfunnsansvar og etikk.....	12
2.9 Val til eigarorgan og styrer i selskapa.....	13
2.10 Samansetting av styrer, val av styremedlemmer.....	13
2.11 Godtgjersle og registrering av styreverv .....	15
2.12 Informasjon og opplæring .....	15
2.13 Eigarskapsmelding .....	15
2.14 Tilsyn og kontroll.....	16
2.15 Eigar sine krav og forventningar til selskapet.....	17
<b>3. Eigarskapsstrategi for Hå</b> .....	<b>17</b>
Eigarskapsstrategiane .....	17
<b>Vedlegg</b> .....	<b>22</b>
1 Selskap Hå kommune har eigarinteresser i.....	22
2 Kommunale føretak.....	22
3 Stiftingar kommunen nemnar opp representantar til.....	22
4 Kommunesamarbeid .....	23
5 Anna samarbeid .....	23
6 Mal for eigarstrategi frå Eigarskapsgruppa .....	24

# 1. Innleiing

I kommuneloven er det vedtatt at kommunane har plikt til å legge fram ei eigarskapsmelding i kvar kommunestyreperiode. Dette er gjort for å auke merksemda om eigarskap i kommunane. Det er dette dokumentet du no les i.

Dokumentet byggjer på «Eierskapsmelding Hå kommune 2020 - 2023» som blei vedtatt i kommunestyret 5. oktober 2020 i sak 088/20.

Kommunane har stor fridom til å organisere si eiga verksemd. Denne moglegheita har kommunane m.a. brukt til å legge kommunal verksemd til eigne selskap o.l. Når kommunane skil ut verksemd i sjølvstendige selskap og føretak, endrar den politiske styringa seg frå forvaltningsstyring til eigarstyring. Å trekke opp prinsipp for denne styringa er hovudtema for dette dokumentet.



Ein heilskapleg eigarskapstrategi er med og legg grunnlaget for ei god og effektiv forvaltning av kommunen sine eigarinteresser i selskap. Det systematiske arbeidet med jamleg oppfølging og vurdering av selskap og eigarposisjonar som det blir lagt opp til i Eigarskapsmeldinga, kan føre til forslag om andre måtar å organisere verksemd på, andre selskap å samarbeide med etc. Eigarskapsmeldinga er slik sett også eit grunnlag for omstillingsarbeid, jf. Hå kommune sin kommuneplan og prioriteringane i handlings- og økonomiplanen for 2025-2028.

Kommunen skal stille krav og ha forventningar til selskap han eig i. Selskapet skal organisere verksemda slik at resultata i størst mogleg grad oppfyller eigaren sine krav og forventningar. Kommunen vil ha forventningar til selskapet sitt økonomiske resultat, men også til at selskapet tar samfunnsansvar og driv verksemda i tråd med etiske retningslinjer.

Når kommunal verksemd skiljast ut i selskap, vil kommunen oftare opptre som aktør i ein marknad, dvs. i konkurranse med andre. Det blir da naudsynt å ha eit klart skilje mellom kommunen si rolle som forvaltningsmyndigheit og kommunen si rolle som ein aktør i ein marknad.

I eigarskapsmeldinga beskriv me kva for motiv kommunane kan ha for å legge verksemd til ein samarbeidsorganisasjon, eit selskap, kva kommunane bør leggja vekt på ved oppretting av nye selskap og det blir gitt ei kort oversikt over ulike selskapsformer.

Det er i vedlegg satt opp ei oversikt over Hå kommune sine eigarinteresser i selskap o.l. og motiva for eigarposisjonane. Hå kommune har aksjar og delar i eit fåtal selskap, i hovudsak selskap med offentleg eigarskap. Kommunen har i tillegg interesser i ulike typar interkommunalt samarbeid o.l. Hå kommune hadde to kommunale føretak, det eine blei omdanna til aksjeselskap i 2020.

Ein svært viktig del av eigarstyringa er å velja rette personar til selskapsorgana. Til representantskap og generalforsamlingar bør ordførar og/eller andre med ein sentral politisk posisjon veljast. Styret bør settast saman slik at dei valte personene samla har den nødvendige kompetansen til å styre selskapet.

Opplæring i godt eigarskap og god eigarstyring er viktig for kommunestyret sine medlemmar som tar i vare Hå kommune sine eigarinteresser. Også for personar med verv i selskapa, vil opplæring vere aktuelt. Opplæring i godt eigarskap er ein del av folkevalttopplæringa.

## **2. Godt eigarskap og god eigarstyring**

Dette kapittelet handlar om prinsipp for godt eigarskap og god eigarstyring og gjer bakgrunn for Eigarskapsstrategiane i kapittel 3.

### **2.1 Organisering av tenesteproduksjon**

#### **Offentleg og privat drift**

Kommunane sine oppgåver følgjer av Kommuneloven og særlovene. Dessutan kan kommunane sjølv ta på seg andre oppgåver når dette er formålstenleg og ikkje i strid med lovverket. Kommunane sine oppgåver er omfattande og kommuneorganisasjonane av betydeleg storleik. Kommunane samla er ein betydeleg aktør på nasjonalt plan og den enkelte kommune ein betydeleg aktør i sitt nærmiljø. Når ny tenesteproduksjon skal organiserast eller eksisterande produksjon revurderast, bør det derfor innleiingsvis bli gjort ei vurdering av om produksjonen skal utførast i privat eller offentleg regi.

Det kan vere lovkrav om at kommunane sjølv skal utføre den aktuelle tenesta. I andre tilfelle kan kommunen sjølv organisere tenesta og avgjøre om denne skal utførast i eigen regi eller av private. Det siste er særlig aktuelt når det er behov for å skape mangfald, auka deltaking og fordele påverking. Privat tenesteproduksjon blir sett i verk som følgje av konkurranseutsetting eller privatisering av dei aktuelle oppgåvene.

I visse situasjonar er det likevel grunnar for at offentleg, kommunalt eigarskap kan vere ønskelig:

- ✓ korrigering av marknadssvikt (til dømes korrigere for manglande konkurranse i ein marknad)
- ✓ sikre at verksemd blir styrt og lokalisert lokalt
- ✓ forvalte felles naturressursar
- ✓ sektorpolitiske omsyn som tilseier offentleg eigarskap (til dømes Vinmonopolet)
- ✓ ønske om langsiktig eigarskap (kommunen kan vere ein relativt stabil eigar/partner over lang tid)

- ✓ legge til rette for utvikling ved at eigaren er kapitalsterk (kommunen kan skaffe finansiering til prioriterte føremål (unnatak: kommunane i Robek)

Dessutan kan kommunane ha eigne motiv for å eiga i selskap eller delta i oppgåvesamarbeid:

- ✓ investere i selskap for å oppnå god avkastning (i tråd med kommunen sin finansstrategi)
- ✓ etablere eigne selskap for å effektivisere kommunal eller interkommunal verksemd. I eit eige selskap kan det bli skarpere fokusering, meir engasjement og økt merksemd om verksemda

I tillegg til årsakene nemnt ovanfor, vil det ofte vere ein kombinasjon av desse som gjør at kommunen har eigarinteresser i selskap o.l.

Når kommunen står fritt til å velje organisering av tenesteproduksjon, er det kommunestyret som avgjer dette. Val av løysing avhenger av tenesta sitt føremål, økonomi og kvalitet, og i kor stor grad dei folkevalde i kommunen sjølve vil styre og kontrollere den aktuelle produksjonen. Val av løysing bør blir vurdert opp mot regelverket om offentlege innkjøp og regelverket om offentleg støtte.

Enkelte gonger kan kommunen komme i ein situasjon der kommunen er aktuell som tenesteprodusent samtidig som kommunen sjølv har kontroll- og tilsynsansvar for same teneste. For å lukka ute tvil om rolleblanding og kryss-subsidiering bør kommunen da unngå å ta på seg produsentrolla. Tar kommunen likevel på seg denne rolla fordi det til dømes, ikkje er andre aktuelle produsentar, bør verksemda primært skiljast ut frå kommuneorganisasjonen. Er dette ikkje aktuelt, bør kommunen så langt mogleg skilje mellom produsentrolla og kontroll- og tilsynsfunksjonen i eigen organisasjon.

## 2.2 Kommunale selskap og andre selskapsformer

### Motiv for kommunalt eigarskap

Når ein kommune eigar i eit selskap, er dette gjerne etter ei kommunestyrebehandling med debatt og vurdering av om kommunen skal engasjere seg i selskapet. ei slik behandling bidrar til å klargjøre motivet – eller målet – for kommunen sitt eigarskap. Å ha eit klart motiv for eigarskapet er avgjerande for å lykkast med å sette operasjonelle mål for selskapet og kunne drive formålstenleg eigarstyring.

Selskap kan generelt grupperast i 5 kategoriar etter ulike motiv for kommunalt eigarskap:

- A. Finansielt motiv  
I selskap kor eigarskapet er *finansielt motivert*, er målet å oppnå bedriftsøkonomisk lønsemd og høy avkastning på investert kapital gjennom utbytte og verdistigning
- B. Motiv om å effektivisere tenesteproduksjon  
Er motivet å *effektivisere tenesteproduksjonen*, er hensikta å få meir tenesteproduksjon og/eller økt kvalitet for ressursane som blir sett inn i verksemda enn om eigarane produserte tenestane kvar for seg.
- C. Industrielt motiv  
I selskap der eigarskapet er *industrielt motivert*, er målet å oppretthalda og

vidareutvikle verksemda, gjerne ved oppkjøp av og samanslåing med bedrifter i same bransje.

D. Lokal-/regionalpolitisk motiv

Er motivet *lokal- eller regionalpolitisk*, kan hensikta med selskapet vere å ha lokal eller regional styring av ei bestemt verksemd. Hensikta kan også vere å ha eit organ til å informere om kommunen eller regionen, drive posisjonering for å få gjennomført tiltak i eller få tillagt oppgåver til regionen, oppnå tilskott m.v.

E. Samfunnsmessig motiv

Er eigarskapet *samfunnsøkonomisk motivert*, er hensikta med selskapet ikkje å oppnå bedriftsøkonomisk lønsemd, men å gjennomføre oppgåvene med eit samla sett (samfunnsøkonomisk) gunstig resultat for samfunnet

**Kapitalstruktur:**

Føremålet med selskapet og risikoen med verksemda, har stor betydning for korleis selskapet bør kapitaliserast. Eigar(ane) bør ha ein strategi for kapitalbindinga. Denne bør blir fastsett etter drøfting med selskapet sitt styre og leiing.

**Val av selskapsform:**

Det er eigarane sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa selskapet sitt føremål, styringsbehov, marknadsforhold og konkurranseregelverk. Prinsipielt kan me seie at AS bør nyttast når selskapet skal ta vesentleg risiko og/eller er konkurransesett. IKS er formålstenleg når selskapet skal produsere tenester for eigarkommunane. KF kan vere formålstenleg når ein kommune skal drive verksemd i eigen regi. Ut frå desse hovudinndelingane må eigar finne den beste organiseringa etter ei konkret vurdering av det aktuelle selskapet og verksemda.

Rammevilkår og marknadsforhold for selskap svingar og endrar seg over tid. Kommunen sitt behov endrar seg også. Det er derfor nødvendig at kommunen jamleg gjer ei overordna vurdering av om kommunen sitt mål for eigarskapet i dei forskjellige selskapa fortsatt er aktuelle, eller om endra behov og rammevilkår gjer det nødvendig å revurdere mål for og styring av selskapa. Ei slik vurdering kan bli gjort i eigarskapsmeldinga.

Er endringane i behov, marknads- og rammevilkår store, kan det bli aktuelt for kommunen å avvike eigarposisjonen i selskapet.

## **2.3 Forvalte eigarinteresser i selskap - god eigarstyring**

Hå kommune sine mål for tenesteproduksjonen og verksemda elles er fortsatt aktuelle sjølv om noko av verksemda utførast gjennom eigne selskap e.l. Selskapa er eit virkemiddel for å oppnå kommunen sine mål. Selskapa sine mål og verksemd må derfor vere i tråd med kommunen sine målsettingar.

Kommunen kan fremja god måloppnåing ved å stille klare krav og forventningar til selskapet (etter dialog og samråd med selskapet), legge opp til jamleg rapportering og gjensidig utveksling av informasjon og sjå til at selskapet praktiserer openheit om selskapet si verksemd. Ved å velje sentrale personar til selskapet sine eigarorgan og styremedlemmer som saman har den nødvendige kompetansen til å leia selskapet, leggast grunnlaget for at selskapet kan drivast godt og i samsvar med kommunen sine (eigarane sine) mål.

Hå kommunestyre har det overordna ansvaret for verksemda i Hå kommune. Når Hå kommune er eigar i eit selskap, er det dei folkevalde representantane i kommunestyret som har det overordna ansvaret for eigarskapet og korleis dette blir forvalta.

Skal Hå kommune kunne forvalte eigarinteressene sine godt, er det nødvendig at kommunestyrerepresentantane har kunnskap om selskapsorganisering og om styringsmoglegheitene i selskapa der kommunen er eigar. Det er ønskjeleg at dei folkevalde har innsikt i sine ulike roller som folkevalde, medlemmer av styrer og representantskap og ansvarsfordelinga mellom desse. Det er Hå kommune si oppgåve å sjå til at opplæring i dette blir gitt.

Hå kommune har som målsetting å utføre oppgåvene sine effektivt og med god kvalitet. I forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap, vil kommunen derfor ha som mål å vere ein profesjonell eigar som opptrer i tråd med anerkjente prinsipp for god eigarstyring. Kommunen viser godt eigarskap når selskapa kommunen eig:

- ✓ blir leia av personar med rett kompetanse
- ✓ blir styrt i samsvar med eigar sine mål for selskapet. Selskapet har utvikla mål/strategiar for eiga drift.
- ✓ praktiserer openheit om selskapet og verksemda
- ✓ tar samfunnsansvar i verksemda si
- ✓ arbeider i samsvar med allmenn oppfatning av rett og galt, uttrykt gjennom etiske retningslinjer

Openheit om verksemda og aktuelle saker er ein føresetnad for at offentlegheita skal kunne føre ein offentleg debatt om selskapet og verksemda. God eigarstyring føreset at dei folkevalde har god informasjon om verksemda i selskapa. Det er styra i selskapa som har ansvaret for å gi slik informasjon.

## **2.4 Ulike organisasjonsformer for kommunal verksemd**

Kommunane har fleire moglegheiter til å organisere kommunal verksemd enn i kommuneorganisasjonen som eit tenestemråde eller ei avdeling. Nedanfor er dei ulike organisasjonsmodellane kort beskrive.

### **Kommunalt føretak**

Kommunen kan gi verksemda ei noko meir sjølvstendig stilling ved å etablere eit kommunalt føretak (KF) med eit eige styre etter Kommuneloven kap. 9. Føretaket vil ikkje vere ei eiga juridisk eining, men ein del av kommunen som rettssubjekt. Kommunestyret vel styret som står for forvaltninga av føretaket i samarbeid med daglig leiar som er underlagt styret. Dei tilsette har kommunen som arbeidsgjevar. Føretaket er underlagt kommunestyret sine vedtak om budsjettammer. Daglig leiar er underlagt styret. Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjøringsmynde overfor daglig leiar med eitt unntak; kommunedirektøren kan instruere daglig leiar om at iversetting av eit vedtak skal utblir sett inntil kommunestyret har handsama saken.

## **Organisering som selskap**

Skal verksemd skiljast ut frå kommuneorganisasjonen, er det mykje brukt å organisere den utskilte verksemda i eit selskap, enten eit interkommunalt selskap (IKS) eller eit aksjeselskap (AS). Felles for desse selskapa er at eigarstyringa må skje i bestemte former, typisk som avgjersle i eigarorganet; generalforsamlinga eller representantskapet. Dette inneber at kommunestyret kan gi instruks til kommunen sine representantar i eigarorganet om korleis kommunen sine eigarinteresser skal utøvast.

### **Interkommunalt selskap**

Eit interkommunalt selskap (IKS) etter Lov om interkommunale selskap (vedtatt i 1999) kan bare eigast av kommunar, fylkeskommunar og andre, interkommunale selskap. Eit IKS er eit eige rettssubjekt. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar. Kvar deltakar hefter uavkorta for sin del av forpliktingane. Selskapet sitt øvste eigarorgan er representantskapet. Deltakarane skal opprette ein skriftlig selskapsavtale og utøve eigarskapet gjennom valde medlemmer i representantskapet.

IKS-forma er tilpassa verksemdar med eit visst forretningsmessig preg.

Styret og daglig leiar – som er underlagt styret – står for forvaltninga av selskapet. Deltakarkommunane skal utøve god eigarstyring gjennom sine valde medlemmer i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett over sine medlemmer i representantskapet. Det er representantskapet som vel styret. Representantskapet kan og instruere styret og gjere om på vedtak. Av selskapsavtalen kan det gå fram kva for saker som må godkjennast i representantskapet.

### **Aksjeselskap**

Eit aksjeselskap (AS) etter lov om aksjeselskap (vedtatt i 1997) kan kommunen eiga sjølv eller saman med andre offentlege organisasjonar eller private rettssubjekt Kommunestyret vel eigarrepresentant(ar) til generalforsamlinga som er eigarorgan og øvste mynde i eit AS.

Aksjeselskapsforma er godt egna til forretningsmessig verksemd og til verksemd med vesentleg risiko. AS-forma er godt regulert gjennom eit gjennomprøvd lovverk.

I eit AS har eigarane avgrensa risiko for selskapet sine forpliktingar. Kommunestyret kan gje instruks til kommunen sine representantar i eigarorganet om korleis kommunen sine eigarinteresser skal utøvast. Styret veljast av generalforsamlinga. Selskapet blir leia av styret og daglig leiar. Styret har det overordna ansvaret for at selskapet blir drive i tråd med eigarane sine mål, ihht lover og reglar og for strategisk planlegging i selskapet. Styret skal tilsette daglig leiar og jamleg vurdere denne.

### **Andre organisasjonsformer**

Kommunane kan fritt samarbeide når avgjerdsmynde ikkje blir overført. Men om eit samarbeid medfører overføring av avgjerdsmynde frå kommunane til styret for samarbeidet, kan det føre til at samarbeidet må formaliserast og etablerast til dømes etter Kommuneloven kap. 18 eller 19. Avhengig av kor mykje mynde som blir overført, kan enkelte av desse samarbeidsløysningane bli definert som sjølvstendige rettssubjekt. For denne typen samarbeidsorgan vil den konkrete eigarstyringa først kunne leggast opp etter ei konkret vurdering av formalia for det aktuelle samarbeidsorganet.

Kommunar kan opprette stiftingar, aleine eller i samarbeid med andre. Etter opprettinga kan kommunen ikkje styre eller påverke stiftinga si verksemd.

Kommunar kan delta i samvirkeføretak. Slike føretak er ikkje selskap, men ein medlemsorganisasjon. Medlemmene har påverking i samvirkeføretaket gjennom årsmøtet der prinsippet om eitt medlem, ei stemme, gjelder.

### **Interkommunalt politisk råd**

To eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan saman opprette eit interkommunalt politisk råd etter kommuneloven kap. 18. Rådet kan behandle saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrensene. Kommunestyra og fylkestinga vedtar sjølve å opprette eit slikt råd. Det blir inngått ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet.

Den enkelte deltakaren i eit interkommunalt politisk råd har ubegrensa økonomisk ansvar for sin del av rådet sine forpliktingar. Representantskapet er det øvste organet.

### **Kommunalt oppgåvefellesskap**

To eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan saman opprette eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kommuneloven kap. 19 for å løyse felles oppgåver. Kommunestyra og fylkestinga vedtar sjølve å opprette eit slikt fellesskap. Det blir inngått ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet.

Den enkelte deltakaren i eit kommunalt oppgåvefellesskap ar ubegrensa økonomisk ansvar for sin del av fellesskapet sine forpliktingar. Representantskapet er det øvste organet.

### **Vertskommunesamarbeid etter Kommuneloven kap. 20**

Kommunane kan etablere vertskommunesamarbeid etter Kommuneloven kap. 20. I eit slikt samarbeid utfører vertskommunen oppgåver og fattar avgjerder etter delegert mynde frå dei samarbeidande kommunane. Kommunane kan velje å samarbeide administrativt (Kommuneloven § 20-2). Då kan vertskommunen bare fatte vedtak i saker av ikkje-prinsipiell karakter. Vel kommunane ein samarbeidsmodell der det blir oppnemnt ei felles folkevald nemnd for verksemda, kan nemnda få avgjerdsmynde også i saker av prinsipiell karakter (Kommuneloven § 20-3).

### **Samvirkeføretak**

Kommunar kan også delta i samvirkeføretak. Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Det har medlemmer, men ikkje eigarar og styres av de som handlar med selskapet og som har direkte nytte av verksemda. På årsmøtet – samvirket sitt øvste organ - fattast vedtak i hovudsak ut frå prinsippet om eitt medlem, ei stemme.

### **Stiftingar**

Kommunar kan opprette stiftingar etter Stiftingsloven (vedtatt i 2001) til å ta seg av visse oppgåver. ei stifting er eit eige rettssubjekt. De(n) som har oppretta stiftinga kan ikkje utøve styring over verksemda, ta utbytte eller løysa opp stiftinga. Denne organisasjonsforma er bare velegna der det er ønskelig å gjøre verksemda helt uavhengig av kommunen.

## **2.5 Roller og ansvar i eigarskapsforvaltinga**

Kommunen sin eigarskapsforvalting blir teke ivare gjennom samhandling mellom fleire aktørar. Deira rolle og ansvar blir kort omtalt i dette avsnittet.

## **Kommunestyret**

Kommunestyret har som øvste politiske organ ei sentral rolle i forvaltningen av kommunen sine eigerinteresser. Kommunestyret godkjenner kommunen si eigarskapsmelding og selskapsspesifikke eigarstrategiar. Kommunestyret fattar vidare vedtak om etablering og avvikling av selskap, godkjenner styringsdokument for selskapa, oppnevner representantar til eigarorgana og handsamer saker av prinsipiell og strategisk betydning. Kommunestyret fastset derigjennom rammene for den operative eigaroppfølginga som blir utøvd av kommunen sine representantar i eigarorgana. Kommunestyret har også eit tilsyns- og kontrollansvar.

## **Kontrollutvalget**

Kontrollutvalget skal på vegne av kommunestyret sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap, sjå også kap. 2.14.

## **Politiske fagutvalg**

Det er fleire politiske utvalg som handsamer saker som direkte eller indirekte berører kommunale selskap. Dette er saker som blir handsama i kraft av rolla som fagutvalg og omhandlar hovudsakelig tenester eller oppgåver som blir tatt i vare av selskap. Sjølv om sakene ofte har eit utprega fagperspektiv, vil dei kunne innehalde element av eigarstyring gjennom for eksempel angjeving av sektorpolitiske mål. Sakene skil seg likevel frå eigarsaker som omhandlar utøvelinga av kommunen si rolle som eigar, ofte på porteføljenivå. Det er viktig å opptre ryddig i utøvelinga av kommunen sine ulike roller.

## **Ordførar**

Ordførar er kommunen sin rettslege representant. Ordførar vil av den grunn representere kommunen som eigar i både formelle og uformelle samanheng. Ordførar vil for eksempel representere kommunen i generalforsamlingar (eller oppnevne fullmektig) og i eigarmøter. Ordførar er leiar av både kommunestyret. I samband med dette er ei viktig rolle å rettleia kommunen sine representantar i eigarorgana med omsyn til kva som er kommunestyret sine mål og forventingar mv. innanfor ulike saksområde. Ordførare kan be om at kommunedirektøren medverkar til at representanten får svar.

## **Kommunedirektør**

Kommunedirektøren har ikkje ei formell rolle i eigarstyringen av selskap, og har ikkje instruksjons- og omgjeldingsmynde overfor styret eller den daglege leiinga i selskap. Kommunedirektøren har likevel ei sentral rolle i å legge til rette for den politiske eigaroppfølginga. Kommunedirektøren skal sjå til at eigarsaker som blir lagt fram for folkevalgte organ er forsvarleg utreda, og at vedtak blir sett i verk utan ugrunna opphald. Kommunedirektøren sitt internkontrollansvar har samstundes ei side mot selskapa si verksemd. Til dømes vil den finansielle risikostyringa for kommunekassen bli påverka av kommunen sitt ansvar for selskapa sine finansielle forpliktingar. Kommunedirektøren sin økonomisjef har ansvar for å bidra til å leggja til rette for den politiske og administrative eigaroppfølginga. Eigarrollen søkast utøvd adskilt, men koordinert med kommunen sine øvrige roller overfor selskapa. Ansvaret inneber også å koordinere eiersaker med øvrige eigarare (Eigarskapsgruppa).

## **Eigarorgan**

Selskapslovgivinga regulerer representasjon, samansetning, ansvar, oppgåver og mynde for eigarorgana. Eigarorgana er selskapa sin øverste mynde og skal mellom anna handsame årsbudsjett/økonomiplan, årsrapport-/årsrekneskap, endringar i styringsdokumenter og velje styret. Kommunestyret styrer selskapa indirekte gjennom representantar oppnevnt til eigarorgana. Representantane utøver eigarmynde i eierorgana med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak og intensjon. Eigarorganet kan som øvste mynde instruere styret generelt eller i bestemte saker innfor ramma av selskapslovgivinga. For interkommunale selskap (IKS) er representantskapet eigarorgan. I aksjeselskap (AS) utgjør generalforsamlinga eigarorganet.

## **Styret**

Styret har i høve til selskapslovgivinga det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet og fører tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd. Styret har mellom anna ansvaret for å organisere verksemda på ein forsvarleg måte, avgi budsjett/rekneskap, fastsette planar, halde seg orientert om selskapet si økonomiske stilling og sjå til at verksemda, forvaltning av formue og rekneskap er gjenstand for betryggande kontroll. Ei av dei viktigaste oppgåvene for eigarane er å velje eit styre som har nødvendig kompetanse, erfaring og kapasitet til å forvalte selskapet på ein god måte.

Kommunane kan opprette vertskommuneløysingar etter Kommuneloven kap. 20. Dette er samarbeidsmodellar mellom kommunar på område av forvaltningsmessig karakter. Spørsmål og problemstillingar omkring eigarstyring i denne typen organisasjonar skil seg vesentleg frå det som står sentralt for dei selskap og føretak som dette dokumentet handlar om. Me går derfor ikkje nærmare inn på vertskommuneløysingar her.

## **2.6 Formelle og uformelle eigarmøter**

Dei formelle eigarmøta er generalforsamling eller representantskapsmøte. Styret kallar inn og det bør bli gjort i god tid slik at flest mogleg av medlemmene kan delta. Det bør takast omsyn til kommunane sine behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker. Innkallingsfrist kan vedtektsfestast.

Ved behov eller i samsvar med eigarstrategi for selskapet, kan det bli kalla inn til uformelt eigarmøte der eigarane blir orientert om aktuelle saker. Korleis innkalling til eigarmøter skal skje, bør regulerast av selskapsdokumenta. Det kan ikkje fattast bindande vedtak for styret i eigarmøter.

## **2.7 Selskapsavtale/vedtekter og eigarstrategi**

### **Eigar sine forventningar og krav.**

I AS og IKS skal føremålet med selskapet gå fram av vedtekter eller selskapsavtale. Korleis føremålet blir formulert, er avgjerande for selskapet sitt handlingsrom. Kommunen som eigar bør derfor sjå til at formuleringa av selskapet sitt føremål gjer selskapet eit handlingsrom som er i tråd med eigarane sitt motiv med selskapet.

Innanfor rammene vedtekter /selskapsavtalar set for selskapet, bør selskapet ha klare mål og strategiar for verksemda si. Eigarane bør i fellesskap lage ein eigarstrategi for selskapet der eigarane sine forventningar til selskapet er formulert. Ein vedtatt eigarstrategi vil vere bindande for representantane i generalforsamling og representantskap og vere grunnlag for ein selskapskontroll.

Eigarstrategien bør innehalde målsettingar for selskapet. Eit anna tema kan vere disponering av avkastning og prinsipp for utbyttepolitikk. Er motivet for eigarskapet finansielt, ventar Hå kommune marknadsmessig avkastning. Utbyttepolitikken skal sikre langsiktig avkastning. Er der andre motiv for eigarskapet, vil Hå kommune forsøka å utvikle formålstenlege resultatforventningar og resultatindikatorar og slik gje signal på forventningane. Eigar forventar effektiv drift.

I vår region er det praksis at kommunane arbeider saman for å samordne selskapsinteressene sine, gjera bruk av den samla kompetansen i kommunane på dette fagfeltet og effektivisere behandlinga av saker som gjelder kommunale eigarinteresser. Det er kommunedirektørane som står for dette arbeidet. Til hjelp har kommunedirektørane i Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg, Kvitsøy, Strand, Klepp, Time, Gjesdal, Rogaland fylkeskommune og Hå kvar oppnemnd ein person til ei administrativ arbeidsgruppe (KDenes administrative eiergruppe – «Eigarskapsgruppa»). Denne gruppa lagar utkast til felles eigarstrategi for selskap, utarbeider forslag til felles saksframlegg m.m. Forslaga blir vurdert av kommunedirektørane. Deretter legger kommunedirektørane saka fram til politisk behandling. Til vanleg vil kommunedirektørane ha likelydande innstillingar til vedtak i slike saker, men det er ikkje eit vilkår.

Hå kommune har saman med andre kommunar utarbeida - og kommunestyret har vedtatt - eigarstrategiar for:

- ✓ Lyse AS
- ✓ Rogaland Revisjon IKS
- ✓ Interkommunalt Arkiv IKS
- ✓ IVAR IKS
- ✓ Jæren Industripartner AS

Eigarskapsgruppa har utarbeida ein mal for eigarstrategiar, vist i vedlegg, del 6.

## **2.8 Samfunnsansvar og etikk**

Samfunnsansvar er det ansvaret selskapet er venta å ta på seg for menneske, samfunn, klima og miljø som blir påverka av selskapet. Samfunnsansvaret omfattar også at selskapet opptre etisk forsvarleg.

Hå kommune ventar at selskapa kommunen eig i, har ei aktiv rolle i forhold til samfunnsansvar og etikk. Merksemd omkring etikk bidrar til god forretningskultur i selskapa og er viktig for å førebygge korrupsjon, underslag og andre typar utilbørlege tilhøve. Merksemd om selskapet sitt samfunnsansvar på områder som bærekraftig utvikling, klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar, mangfald og likestilling, forskning og utvikling bør vere ein integrert del av kommunen si verksemd og slik påverke selskapet sine mål og strategiar. Hå kommune ventar at arbeidet med samfunnsansvar og etikk er forankra i selskapa sine styrer og at det rapporterast om dette i årsmeldingane. Hå kommune vil forsøka å utvikle formålstenlege krav og resultatindikatorar som signaliserer eigar sine forventningar på desse områda.

Kommunen vil vere spesielt opptatt av kva for retningslinjer, system og tiltak som selskapa har sett i verk og korleis styret er involvert i og arbeider med samfunnsansvar og etikk. Hå kommune vil stille krav til selskapa om at styret utarbeider etiske retningslinjer og at desse blir vurdert regelmessig.

## 2.9 Val til eigarorgan og styrer i selskapa

### Val til eigarorgan (generalforsamling og representantskapsmøte)

Kommunen si eigarstyring av selskapa skal skje gjennom eigarorgana (generalforsamlinga for AS, representantskapet for IKS og kommunestyret for KF) og ikkje i styra. Samhandlinga mellom kommunestyret og eigarorgana i IKS og AS er ikkje regulert i lov. For å sikre engasjement, debatt og politisk avklaring av grensa for eigarorganet sitt mynde, bør det etablerast faste rutinar for denne samhandlinga for å sikre engasjement, debatt og politisk avklaring av kva for mynde eigarorganet skal ha i generelle og konkrete saker.

Å nemne opp sentrale folkevalde som ordførar, varaordførar og/eller sentrale medlemmer av kommunestyret til eigarorgan vil bidra til å forenkle samhandlinga mellom kommunestyret og eigarorganet.

Aksjeloven seier ikkje noko om kven som skal møte som eigarrepresentant (aksjonær). Ordførar eller andre kommunestyremedlemmer må bli gitt fullmakt til å kunne stemme på generalforsamling. Medlemmane av representantskapet i eit IKS er vald av kommunestyret etter kommuneloven og andre kan derfor ikkje møte etter fullmakt. Det bør derfor blir oppnemnt varamedlemmar for representantskapsmedlemmane.

Dersom eit selskap har reine driftsoppgåver som føremål, er det ikkje noe i vegen for å nemna opp administrativt personell til eigarorganet.

## 2.10 Samansetting av styrer, val av styremedlemmer

Eit styreverv er eit personlig verv. Styremedlemmer representerer korkje parti, kommunen eller andre interesser, men skal ivareta selskapet og eigarane sine samla interesser best mogleg, ut frå selskapet sitt føremål og rammevilkår.

Eit styre er eit kollegialt organ som samla bør ha både generell kompetanse i selskapsstyring og spesifikk kompetanse om verksemda. Føremålet for dei kommunale selskapa er ulikt og styret sin samla kompetanse må tilpassast det enkelte selskap. Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret blir sett saman slik at det har nødvendig kompetanse til å oppfylle eigar sine forventningar til selskapet.

Kompetansen i styret er summen av dei enkelte styremedlemmane sine personlige kvalifikasjonar og eigenskaper. KS har foreslått nokre basiskrav til styremedlemmane sin samla kompetanse som kan vere utgangspunkt når ein eigar vurderer samansetting av eit styre:

- ✓ kunnskap om aksjeloven, lov om interkommunale selskap, kommuneloven, andre relevante lover, forskrifter og avtalar som har betydning for selskapet
- ✓ kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie
- ✓ kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lesa økonomiske utviklingstrekk og gjere nødvendige grep når nødvendig
- ✓ kompetanse om offentleg forvaltning og dei politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid

- ✓ spesialistkompetanse og erfaring på eitt eller fleire områder som til dømes juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMS, leiing, organisasjon
- ✓ ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innanfor bransjen
- ✓ ha kunnskap om konkurrerende verksemder.

I tillegg til desse kompetansekrava, har KS også sett opp krav til personlige eigenskaper som aktuelle styrekandidatar bør ha, eksempelvis evne til å stilla spørsmål, evne og vilje til å prioritere styrearbeidet, høy integritet og evne til å tileigne seg kompetanse om selskapet.

Nye styremedlemmer kan vere usikre på styrerollen. Det er eigar sitt ansvar å informere om rolla.

Ved samansetting av styrer må omsynet til ein balansert kjønnsrepresentasjon blir tatt i vare. I IKS-loven § 10 er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Reglane i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar saman eigar minst 2/3 av aksjane. Dette følgjer av Kommuneloven § 80 a.

Ved oppnemning av vararepresentantar bør ordninga med numerisk vara brukast. 1. vara bør møte fast i styremøta for å sikre kontinuitet og kompetanse.

### **Inhabet (Ugildskap)**

Ingen person i kommunen, korkje tilsette eller folkevalde, kan behandle saker i kommunen som gjelder eit selskap der dei sjølv er styremedlem. Dette gjelder uansett om selskapet er privat eller heilt eller delvis offentleg eid.

Det er ikkje noko i lovverket som tilseier at folkevalde ikkje bør veljast til styremedlemmer. At eit styremedlem har politisk erfaring kan vere ønskelig for å komplettere styret sin samla kompetanse. Tilsvarande forhold gjelder og når tilsette er aktuelle til styreverv.

Når det er aktuelt å velje folkevalde eller tilsette til styreverv i selskap kommunen eig i, bør kommunen vurdere kor ofte vedkommande som veljast vil bli inhabil i kommunen. Dette er særlig aktuelt når ein sentral folkevald eller leiande tilsett er aktuell for styreverv. Eksempelvis vil dei fleste anse det som ikkje formålstenleg at ordføraren eller administrasjonssjefen er styremedlem i eit selskap som ofte er part i saker som kommunen skal behandle.

Det bør utarbeidast rutinar i selskapa for å unngå slike habilitetskonfliktar. Bruk av valkomité kan vere eit virkemiddel.

Er kommunen eigar i eit konsernselskap, bør same person(ar) ikkje veljast til styret i morselskapet og til styret i dotterselskap. Dette fordi styret i morselskapet er generalforsamling i dotterselskap og rollekonflikt bør unngåast. Konserndirektøren kan vere representert i styrer i dotterselskap.

Dette er vedtatt I Forvaltningslova, para 6.

### **Valkomité**

For å sikre at styrer til selskap etter aksjeloven og IKS-loven blir sett saman slik at dei har den nødvendige, samla kompetanse, bør det vedtektsfestast bruk av valkomité.

Eigarorganet vel leiar av valkomiteen. Er det fleire eigarar i selskapet, bør valkomiteen blir sett saman slik at den speglar eigardelane. Valkomiteen legger innstillinga si – som bør vere grunnngjeve – fram for kommunestyret til behandling.

## **2.11 Godtgjersle og registrering av styreverv**

Godtgjersla bør stå i forhold til styret sitt økonomiske og strafferettslige ansvar, i tillegg til kompetanse, tidsbruk og verksemda. Styreverv i selskap som opererer i ein marknad med høy risiko, bør spegle dette ansvaret. Godtgjersler Hå kommune fastset eller gjer råd om, bør vere samanliknbare med tilsvarande verv i andre organisasjonar, men ikkje marknadsleiande.

Ein styreleiar bør generelt ha høgare godtgjersle enn styremedlemmene. Styreforsikring bør blir vurdert. Styremedlemmer bør ikkje ta på seg oppdrag for selskapet.

Det er generalforsamlinga i AS og representantskapet i IKS som fastsetter styremedlemmane sine godtgjersler. Eigarkommunane bør fastsette og utbetale godtgjersle til sine medlemmar i representantskapet i IKS.

KS anbefaler at kommunen registrerer verva for allment innsyn. Openheit om roller er viktig for å unngå mistanke om rolleblanding.

## **2.12 Informasjon og opplæring**

På fleire av punkta føre her, er det gitt ei anbefaling om at det bør bli gitt informasjon og opplæring til personar som blir nemnt opp til verv i eigarorgan og styrer i selskap Hå kommune har eigarinteresser i. Dette gjeld særlig for nyvalde personar, men det kan også vere nyttig for personar som har styre-erfaring.

Kommunestyret sine medlemmar samla opptrer i rolla som eigar på vegne av Hå kommune. Kommunestyret sine medlemmar kan derfor også ha interesse og behov for opplæring.

Det er Hå kommune si oppgåve som eigar å sørge for informasjon og opplæring til kommunestyremedlemmene. Dette kan naturleg inngå som ein del av folkevaldopplæringa. Hå kommune skal sjå til at selskapa Hå har eigarinteresser i, gjer informasjon og opplæring til sine styremedlemmer.

## **2.13 Eigarskapsmelding**

I kommuneloven, kap. 26 er det krav om at kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal bli vedtatt av kommunestyret eller fylkestinget sjølv minst ein gang i valperioden.

Eigarskapsmeldinga skal innehalde

- a) kommunen eller fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring
- b) ei oversikt over selskap, kommunale eller fylkeskommunale føretak og andre verksemdar som kommunen eller fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- c) kommunen eller fylkeskommunen sitt føremål med eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemdene som er nemnt i bokstav b.

Eigarskapsmeldinga er det overordna politiske styringsdokumentet for ein kommune når det gjelder organisering av kommunal verksemd og prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing når verksemd leggst ut i føretak eller selskap som kommunen er eigar i. Dokumentet bør gi oversikt over kva for verksemdar kommunen har lagt ut og føremål og strategi knytt til dei ulike selskapa.

Gjennom behandlinga av ei Eigarskapsmeldinga kan kommunestyret gi styringssignal til organisering av verksemd, til prinsipp for eigarstyring og til selskapa sitt samfunnsansvar knytt til miljø, openheit, likestilling, etikk m.m.

For selskap der Hå kommune har ei større økonomisk interesse eller som har vesentleg betydning for kommunen, har kommunestyret vedtatt eigarstrategiar, sjå punkt 2.7. Desse eigarstrategiane er laga i samarbeid med dei andre eigarkommunane og behandlar konkret eigarane s krav og forventningar til selskapet, rutinar for kommunikasjon m.m. Dette er selskapsspesifikke dokumenter med mellomlangt perspektiv.

Rapportering og informasjon frå selskapa Hå er eigar i, skjer gjennom årsmeldingar og årsmeldingar frå selskapa. I tillegg samlar kommunen ved behov den mest sentrale informasjonen frå dei forskjellige årsmeldingane i ei eigarmelding og legg denne fram for kommunestyret, gjerne årleg. Eigarmeldinga er ei enkel oversikt over selskapa si resultatutvikling i seinare år, hovudtal frå rekneskapen og kort omtale om evt. spesielle forhold ved verksemda. Etter behov kan eigarmeldinga også omfatte andre tema som til dømes. oppfølging av selskapa sitt samfunnsansvar.

Hensikta med eigarmeldingane er å følgje systematisk opp selskapas utvikling og slik betre moglegheitene for å utøve god og aktiv eigarstyring. Ved å legge eigarmeldinga fram for kommunestyret, kan ein få større merksemd omkring verdiane og verksemdene og gi kommunestyret ei anledning til å debattere kommunen sitt eigarskap og gi evt. styringssignal.

## **2.14 Tilsyn og kontroll**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap, jf. kommunelova § 23-6.

Kontrollutvalet skal minst ein gang i kvar valperiode lage ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Kommunestyret skal godkjenne planen. Det bør gå fram av planen om det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

De kommunale føretaka er ein del av kommunen som rettssubjekt og høyrer under kontrollutvalet sitt generelle ansvar for å sjå til at kommunen sin rekneskap blir tilstrekkeleg revidert.

Kommunen skal i note til rekneskapen opplyse om korleis kommunen si samla verksemd er organisert, bl.a. om kommunen har oppretta kommunale føretak, deltar i interkommunalt samarbeid eller selskap eller har eigarinteresser i aksjeselskap. Denne oversikten bør vere lett tilgjengelig for publikum. I kommuneloven er det i tillegg til krav om rapportering for kommunekassa og dei einskilde einingane også krav om samla rekneskap for kommunen som juridisk eining: Det betyr konsolidert rekneskap for kommunen – men IKS og AS skal haldast utanfor.

## 2.15 Eigar sine krav og forventningar til selskapet

På grunnlag av prinsippa ovanfor for korleis Hå kommune kan legge opp til godt eigarskap og god eigarstyring, er det formulert krav og forventningar til selskap som Hå kommune eig i på følgjande områder:

- ✓ Selskapet skal vere bevisst krava og forventningane som er stilt til selskapet m.o.t. resultat, samfunnsansvar og etikk.
- ✓ Selskapet skal likebehandle alle eigarane.
- ✓ Styret i selskapet har ansvar for forvaltninga av selskapet og for at det blir laga – og jamleg blir vurdert - mål, strategiar og etiske retningslinjer for selskapet.
- ✓ Styret i selskapet bør lage ein plan for verksemda si, kompetanseutvikling og evaluering.

De konkrete eigarskapsstrategiane for eigar sine krav og forventningar til selskapet er vist i kapittel 3 nedanfor. Desse strategiane forklarar i all hovudsak seg sjølve og dei omtalast derfor ikkje nærare her.

## 3. Eigarskapsstrategi for Hå

I kap. 2 er det gjort greie for prinsippa for godt eigarskap. Ut frå dette er det her i kap. 3 satt opp konkrete eigarskapsstrategiar for Hå kommune. Desse strategiane skal leggest til grunn for alt arbeid med saker som angår organisering og styring av Hå kommune sine eigarinteresser i selskap o.l.

### Eigarskapsstrategiane

#### Motiv og mål med kommunen sin eigarposisjon.

Hå kommune skal:

##### **Strategi 1: Grunnje eigarskap og val av selskapsform**

Når Hå kommune deltar som eigar i eit selskap, skal det føreligge ei grunngeving for kommunen si hensikt med selskapet, organisasjonsform og eigarposisjon. Grunngevinga skal revurderast jamleg.

Har kommunen ansvar for tilsyns- og kontrolloppgåver på eit tenesteområde, bør kommunen ikkje ta på seg rollen som tenesteproducent på same område. Dette for å unngå at det kan reises spørsmål om rolleblanding og kryss-subsidiering.

Eigar(ane) bør ha ein strategi for kapitalbindinga i selskapet, omsyntatt verksemda sin art og risiko.

## Krav til Hå kommune som eigar

Hå kommune skal:

### **Strategi 2: Stå for god eigarstyring og selskapsleiing**

Hå kommune skal forvalte eigarskapa sine etter anerkjente prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing. Selskap kommunen eig i skal opptre samfunnsansvarleg og i tråd med etiske retningslinjer.

Alle som representerer Hå kommune i eigarskapssamanheng skal vere kjent med og opptre etter same prinsipp.

Hå kommune skal sjå til at folkevalde og representantar vald av Hå kommune til selskap o.l. får opplæring om godt eigarskap, jf. strategi nr. 9.

### **Strategi 3: Praktisere mest mogleg openheit om selskapa kommunen eig i , eigarskapa og eigarstyringa.**

Det skal vere openheit om Hå kommune sitt eigarskap og eigarstyring.

Hå kommune skal krevje at selskapa kommunen har eigarinteresser i, praktiserer openheit om verksemda si.

### **Strategi 4: Fremja eigarinteressene sine gjennom generalforsamling og representantskapsmøte (ikkje gjennom styra).**

### **Strategi 5: Stille klare krav til selskapa sine resultat, selskapa sitt samfunnsansvar og etikk. Krava skal vere selskapsspesifikke. Eigarstrategi for selskapa bør lagast.**

I aksjeselskap og interkommunale selskap der Hå kommune er eigar, vil kommunen arbeide for at eigarane i fellesskap lagar og vedtar ein eigarstrategi. Denne brukast i eigarstyringa av selskapet og skal revurderast med jamne mellomrom.

Krav og forventningar til selskapet skal vere selskapsspesifikke og i tråd med motiva for kommunen sitt eigarskap. Dei blir fastsett etter drøfting med selskapet sitt styre og leiing. Kommunen skal gjere endelege krav og forventningar kjent for styret og selskapet si leiing.

Hå kommune ventar at selskap kommunen eig i tar samfunnsansvar og opptre etisk forsvarleg. Arbeidet på desse områda skal vere forankra i styra og bli rapportert om i selskapet si årsmelding. Selskapet skal utarbeide etiske retningslinjer og regelmessig vurdere desse.

Det skal gå klart fram av vedtekter eller selskapsavtale om selskapet skal utføre oppgåvene sjølv utan konkurranse, eller om det skal bli utsett for konkurranse. Skal selskapet levere tenester til eigarane, bør det lagast tenesteytingsavtalar som regulerer og sikrar likebehandling av slike leveransar.

Hå kommune vil delta i administrativt samarbeid med andre kommunar om eigarskapssaker.

### **Strategi 6: Velje sentrale folkevalde til eigarorgan og vurdere behovet for ei fast rutine for kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarrepresentantar i forkant av eigarmøter i selskap o.l.**

For AS og IKS bør kommunestyret nemne opp sentrale folkevalde til selskapet sitt eigarorgan. Eigarrepresentantane skal opptre i tråd med kommunestyret sine eventuelle avgjerder i saker som gjeld selskapet.

Det bør bli vurdert om det er behov for ei rutine for kommunikasjon mellom eigarrepresentantar og kommunestyret i forkant av møter i generalforsamling og representantskap.

**Strategi 7:** *Arbeide for at styret er satt saman slik at styret sin samla kompetanse er tilpassa verksemda sitt føremål og eigarane sine forventningar til selskapet. Det skal takast omsyn til reglane for balansert kjønnsrepresentasjon og inhabilitet. Numeriske vara bør veljast.*

Det bør lagast ei rutine for å unngå habilitetskonfliktar.

Der det blir nemnt opp vararepresentantar til styret, bør numerisk vara blir nemnt opp for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. 1. vara bør inviterast fast til styremøta.

**Strategi 8:** *Honorere styreverv i forhold til styret sitt ansvar og oppgåver. Styreverv bør registrerast.*

Honorara skal vere samanliknbare med tilsvarende verv i andre organisasjonar, men ikkje marknadsleiande.

Styreleiar skal generelt ha høgare godtgjersle enn styremedlemmene.

Valde representantar blir oppmoda til å registrere sine verv i styrevervregisteret for allment innsyn.

**Strategi 9:** *Stå for opplæring og informasjon til kommunestyret om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll, og sjå til at selskap og føretak kommunen er eigar i, også gjer slikt tilbod.*

Tidlig i kvar valperiode bør opplæring om kommunen sitt eigarskap gjennomførast som ein del av folkevaldopplæringa

Hå kommune skal sjå til at selskap og føretak kommunen er eigar i, gjer tilsvarende informasjon og opplæring til sine styremedlemmer.

Sentrale tema er:

- ✓ kommunen sine konkrete eigarinteresser
- ✓ godt eigarskap og god eigarstyring
- ✓ selskapsformer
- ✓ styringsmoglegheiter og ansvar i rollene som eigar (kommunestyret), eigarrepresentant i eigarorgan og styremedlem

**Strategi 10:** *Revidere Eigarskapsmeldinga ein gang i kvar valperiode og kvart år legge fram ei enkel eigarmelding med samla informasjon om utviklinga og status i selskapa Hå kommune har eigarinteresser i.*

**Strategi 11:** *Presisere at kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for at kommunen når sine mål, at regelverk blir følgt og samfunnsansvar og etiske omsyn blir tatt i vare. Dette gjelder også når kommunal verksemd er skilt ut i eigne selskap.*

Kommunen sitt kontrollutval skal på vegne av kommunestyret føre kontroll med kommunen sine selskapsinteresser. Kontrollen skjer gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningskontroll og selskapskontroll.

## **Krav til selskap som Hå kommune har eigarinteresser i**

Hå kommune ventar:

**Strategi 12:** *At selskap kommunen har eigarinteresser i, er bevisst krava og forventningane som er stilt til selskapet m.o.t. resultat, samfunnsansvar og etikk og rapporterer jamleg.*

Det er styret sitt ansvar å følgje opp forventningane til selskapet og sørkje for jamleg rapportering om måloppnåing innanfor økonomiske, samfunnsmessige og etiske forhold.

**Strategi 13:** *Likebehandling av alle eigarane og møteinnkallingar i god tid.*

I selskap der det er fleire eigarar, ventar Hå kommune at informasjon om aktuelle saker, innkalling til formelle møter og saksdokument blir sendt samstundes til alle eigarar.

Innkallingar, sakliste og saksdokumenter sendes i ut god tid slik at representantane kan få tilstrekkelig tid til førebuingar. For interkommunale selskap skal innkalling og sakliste til møter i representantskapet sendast ut minst 4 veker før. Også innkalling og sakliste til generalforsamlingar i aksjeselskap skal sendast ut 4 veker i forkant.

Kopi av innkalling til styrer, representantskap og generalforsamlingar skal sendast ordførar og kommunedirektør i eigarkommunane samtidig med ordinær utsending.

**Strategi 14:** *At selskapet sitt styre utarbeider og evaluerer mål, strategiar og etiske retningslinjer for selskapet og tar ansvaret for forvaltninga av selskapet.*

Eigar(ane) sett opp mål for selskapet. Styret er ansvarleg for å realisere desse.

Selskapet skal lage strategiske planar for selskapet (i tråd med eigarane sine krav og forventningar) og jamleg vurdere desse.

Styret skal sjå til at selskapet tar i vare samfunnsansvaret sitt. Styret skal utarbeide etiske retningslinjer og sjå til at desse diskuterast og blir vurdert jamleg.

Styret skal klargjøre roller ved å fastsette styreinstruks og instruks for daglig leiar

I forhold til daglig leiar har styret både ei leiande og ei rådgjevande rolle, i tillegg til rolla som uavhengig kontrollør.

**Strategi 15:** *At selskapet sitt styre lagar ein plan for sitt eige arbeid og kompetanseutvikling og evaluerer sin eiga verksemd.*

Styret bør fastsette ein årlig plan for arbeidet sitt med vekt på mål, strategi og gjennomføring

Styret bør årleg foreta ei vurdering av kompetansen og arbeidet i styret i forhold til eigarane sine mål for selskapet. Det bør gis moglegheit til opplæring.

Styret bør årlig lage ein rapport om selskapet si styring og leiing.

#### **Politiske avklaringar.**

**Strategi 16:** *At ein representant for Hå kommune som ønskjer å ta opp ei sak som gjelder selskapet vedkommande har verv i, vender seg til ordføraren.*

Dersom ein representant for Hå kommune, vald til eit verv i selskap o.l., ønskjer å drøfte ei sak eller problemstilling eller innhente kommunen sine synspunkt på ei sak, vender vedkommande seg til ordføraren.

Ordføraren avgjer korleis vendinga skal handterast.

#### Vedlegg

# Vedlegg

## 1 Selskap Hå kommune har eigarinteresser i

Selskap	Eigardel i %	Motiv for eigarskapet
Hå Energi AS	100,0	Kategori B+D+E
Jæren Industripartner AS	33,33	Kategori C+E
IVAR IKS	5,41	Kategori C
Lyse Energi AS	3,79	Kategori A+B+C+D+E
Jæren Recovery College AS *) KLP **)	11,43	Kategori A+C
Rogaland Revisjon IKS	3,13	Kategori B+C
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	4,53	Kategori B+C+D
Rogaland Kontrollutvalssekretariat IKS	5,37	Kategori B+C
1 eigarpart i Sogn studentby	0	Kategori C
10 deler i A/L Biblioteksentralen	0,28	Kategori C
1 aksje i FjordNorge A/S	0,1	Kategori D+E

*Kategori A = finansielt motiv*

*Kategori B = motiv om å effektivisere tenesteproduksjon*

*Kategori C = industrielt motiv*

*Kategori D = lokal-/regionalpolitisk motiv*

*Kategori E = samfunnsmessig motiv*

*\*)Er under avvikling*

*\*\* ) ingen prosentdel oppgjeve*

## 2 Kommunale føretak

Selskap	Eigardel i %	Motiv for eigarskapet
Sirevåg Hamn i Hå KF	100	Kategori D+E

*Kategori A = finansielt motiv*

*Kategori B = motiv om å effektivisere tenesteproduksjon*

*Kategori C = industrielt motiv*

*Kategori D = lokal-/regionalpolitisk motiv*

*Kategori E = samfunnsmessig motiv*

Jæren Everk KF er omdanna til aksjeselskap i 2020.

## 3 Stiftingar kommunen nemnar opp representantar til

- Jærmuseet
- Jæren Produktutvikling
- Vinterlandbruksskolen på Jæren
- Rogaland Arboret
- Funkishuset Sandnes

## **4 Kommunesamarbeid**

### **Interkommunalt politisk råd etter kommuneloven § 18**

- Jærrådet

### **Kommunalt oppåvefelleskap etter kommuneloven § 19**

- Jæren Friluftsråd
- IUA Sør-Rogaland (interkommunalt utval for akutt forurensning)
- Jæren kommuneadvokat KO
- Jærskulen (gjeldande avtale om interkommunalt samarbeid etter kommuneloven §27 skal oppdaterast i 2025)

### **Vertskommunesamarbeid etter Kommuneloven § 28**

- Felles tiltaksavdeling, barnevern Time, Klepp og Hå, Time er vertskommune
- Legevaktsamarbeidet på Jæren – Klepp og Hå er vertskommunar
- Synspedagog med Gjesdal, Klepp og Time der Hå er vertskommune
- Bryne kompetansesenter med Klapp og Time. Time er vertskommune

## **5 Anna samarbeid**

- Legevakttelefon
- Behandlingsteam psykisk helse (ACT-team)
- Jærtek
- Jæren vannområde
- Miljørettet helsevern og skjenkekontroll
- Frisklivsentral
- Voldtektsmottak for Sør-Rogaland
- Barnevernsvakta i Sandnes
- Krisesenteret i Stavanger
- Jæren Symfoniorkester
- Tryggheim barnehage
- Tryggheim skular
- Jærstrendene Landskapsvernområde

- «Ny start»
- Hå kyrkjelege fellesråd

## **6 Mal for eigarstrategi frå Eigarskapsgruppa**

Ein eigarstrategi bør innehalda følgande avsnitt/kapittel:

Hovudoverskrift – særpreg/ kjennetegn ved verksemda

Aksjonærane sine/deltakarkommunane sin eigarstrategi for .....

1. Aksjonærane sine mål for selskapet
2. Kjerneverksemd og kjerneområde
3. Organisering av verksemda
4. Eigarstyring og selskapsleiing
5. Kapitalstruktur og avkastningskrav
6. Utviklingsmål og resultatkrav
7. Endring av selskapet
8. Avvikling av selskapet